



Jussformidlingen  
Sydneshaugen 10  
5007 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3431 - 15/30843

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
28.09.2015


## Svar på spørsmål om parkeringsplass - gbnr 212/51 Eikanger nedre

Lindås kommune viser til førespurnad vedkomande parkeringsplass på gbnr 212/51. Svar på spørsmåla som er retta er følgjande:

- 1) Parkeringsplassen som ligg på gbnr 212/51 ligg i gjeldande kommuneplan for perioden 2011-2023, i område som er avsett til LNF-føremål. I førre kommuneplan låg arealet inne som byggeområde for fritidsbustadar.



Kommuneplan 2003



Kommuneplan 2011-2023

- 2) Opparbeiding av parkeringsplass krev løyve etter plan- og bygningslova, også utviding av slikt areal. Då tiltaket ligg i område avsett til LNF-føremål vil opparbeiding av parkeringsareal vera i strid med arealføremålet og følgjeleg krevja dispensasjon frå dette før eit eventuelt løyve til tiltak kan gjevast. Det er fastsett byggjegrænse mot sjø i planen, sjå stipla linje, tiltaket kjem ikkje i strid med byggjeforbodet i strandsona.  
Vi gjer merksam på at kommunen ikkje kan sjå at det er søkt om eller gitt løyve til allereie opparbeidd parkeringsplass for gbnr 212/43 inne på gbnr 212/51. Sjølv om status for området var



ein annan i 2006 då parkeringsplassen vart opparbeidd, var tiltaket likevel søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-1. Den opparbeidde parkeringsplassen er såleis å sjå på som eit ulovleg tiltak dersom løyve ikkje kan dokumenterast. Det er mogleg å søkja om dispensasjon og løyve til tiltak i etterkant for å legalisera tilhøvet. Tiltaket vil ved handsaminga verta vurdert som om det ikkje er opparbeidd. Vi vil opplysa at kommunen generelt er av den oppfatning at parkering primært skal løysast på eigen grunn.

- 3) I utgangspunktet er det heimelshavar som må søkja om løyve til tiltak. Men eigar av gbnr 212/43, som er brukar av parkeringsplassen, kan søkja dersom det vert lagt fram fullmakt frå heimelshavar.

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Jussformidlingen

Sydneshaugen 10 5007

BERGEN